

## SAKSFRAMLEGG

### Reguleringsplan for gang- og sykkelveg på fv 65 Holte bru - Løfall. Sluttbehandling.

<b>Arkivsaksnr:</b> 16/1739 - 26	<b>Arkiv:</b> K2 - L12, PlandID - 20130003
<b>Saksbehandler:</b> Sivert Dombu	

<b>Saksgang:</b>	<b>Møtedato:</b>	<b>Saksnummer:</b>
Formannskapet	24.04.2017	022/17
Kommunestyret	03.05.2017	014/17

#### **Rådmannens innstilling:**

Kommunestyret eigengodkjenner vedlagte forslag til detaljreguleringsplan for gang- og sykkelveg på fv 65 Holte bru - Løfall i samsvar med Plan- og bygningslovas § 12-12.

#### **Vedlegg:**

Alle merknader fv 65 Holte bru - Løfall.pdf  
Regplanhefte\_ETTER\_off\_ettersyn.pdf  
Oversending av plan for eigengodkjenning

#### **03.05.2017 Kommunestyret**

Dte ble gjort en vurdering på Robert Nergårs sin habilitet i saken. Kommunestyret sier at Nergård er habil i denne saken

Rådmannens innstilling enstemmig vedtatt

#### **KS-014/17 Vedtak:**

Kommunestyret eigengodkjenner vedlagte forslag til detaljreguleringsplan for gang- og sykkelveg på fv 65 Holte bru - Løfall i samsvar med Plan- og bygningslovas § 12-12.

#### **24.04.2017 Formannskapet**

Rådmannens innstilling enstemmig vedtatt

#### **FS-022/17 Vedtak:**

Kommunestyret eigengodkjenner vedlagte forslag til detaljreguleringsplan for gang- og sykkelveg på fv 65 Holte bru - Løfall i samsvar med Plan- og bygningslovas § 12-12.

**Bakgrunn:**

Statens vegvesen Region midt har i samarbeid med Rindal kommune utarbeidd reguleringsplan for fv 65 Holte bru - Løfall. Planen omfattar fv 65 i ei lengde på omlag 1 300 meter, og legg til rette for å etablere gang- og sykkelveg på strekninga.

Reguleringsplanen skal vise tiltaket og bruk av dei areala som blir nytta. Reguleringsplan er nødvendig rettsgrunnlag for gjennomføring av tiltak og utbygging, og ved eventuell ekspropriasjon av grunn.

Prosjektgruppa i Statens vegvesen har utanom ein prosjektleiar bestått av personer med følgjande fagansvar: vegplanlegging, geoteknikk, utbygging, drift/vedlikehald og grunnverv. Frå Rindal kommune har Sivert Dombu vore med frå administrasjonen i kommunen.

Oppstart av planarbeidet blei meldt i september 2013. Det blei samtidig sendt brev med varsel om oppstart til grunneigarar, organisasjonar og offentlege etatar. Det blei gjennomført open kontordag 1. september 2016.

Etter vedtak i Rindal kommune ved formannskapet 18.01.2017, sak 002/17, låg planforslaget ute til offentlig ettersyn i 6 veker, med frist for merknader til 10.03.2017. Det gjennomført open kontordag 2. mars 2017.

Det kom inn i alt 8 merknader til planen, frå:

- Fylkesmannen i Møre og Romsdal
- Møre og Romsdal fylkeskommune
- Norges vassdrags- og energidirektorat (NVE)
- Mattilsynet
- Ola Eirik Bolme
- Kari Nerbu og Birger Løfald
- Gro Løfaldli og Odd Inge Syrstad
- Underskriftsliste med 82 innbyggerar på Løfall

Statens vegvesen har vurdert merknadene, og det gjort nokre mindre justeringar av planen.

Kommunestyret i Rindal kommune har myndigheit til å vedta planen. Partar eller andre med rettsleg klageinteresse kan klage på kommunestyret sitt vedtak innan tre veker. Om kommunen held på vedtaket avgjer Fylkesmannen klagen.

**Vurdering:**

Merknadene som kom inn etter offentlig ettersyn, er oppsummert og vurdert i kapittel 8.2 i planomtalen. Følgjande endringar er gjort i planen:

Plankartet:

- Kjørbar gang- og sykkelveg o\_SKF1 nord for 58/39, 58/29, 58/16 og 58/19 er justert nordover slik at grøfta langs gang- og sykkelvegen fell saman med grøfta som i

dag går på nordsida av 58/39.

- Tilkomstvegen til 58/29 (o\_SKV05, SKV3, SVT5 og SVT6) er tatt bort.
  - Kjørbar gang- og sykkelveg o\_SKF2 ved 58/11 er forlenga vestover til avkøyrsele, og o\_SGS3 fell med det bort.
- Nummereringa er endra som følgje av dei to siste kulepunkta.

Føresegnene:

- Nummereringa av føresegnene er justert som følgje av nokre skrivefeil.
- Det er gjort nokre mindre justeringar av teksten i § 7.1.

Planomtalen:

- Forordet er oppdatert etter offentleg ettersyn.
- Kapittel 2 er oppdatert etter offentleg ettersyn.
  - I avsnitt 4.3 og 6.5 er det tatt inn omtale av ein lokalt verdifull lokalitet av naturtypen Artsrik vegkant.
  - I avsnitt 6.7 er omtalen av verknader for landbruk supplert med forhold som er komme fram i merknadene.
- Enkelte mindre skrivefeil og liknande er retta opp i.

Rindal kommune tar no planen opp til slutthandsaming. Anleggsstart er planlagt i 2018, og det er viktig å få på plass det formelle utbyggingsgrunnlaget så fort som råd, slik at grunnforhandlingar og detaljprosjektering kan komme i gang.

Vedlagt følgjer oppdaterte plandokument og innkomne merknader til planforslaget ved offentleg ettersyn.

Rådmannen har merka seg det sterke folkelege engasjementet i «Bukta» for å halde på fartsgrensa 60 km/t også etter at gangvegen er bygd. Det framgår av planomtalen at dette er eit spørsmål som vegstyresmaktene avgjer utanfor sjølv reguleringssplanen.

Vidare har rådmannen merka seg at berre ein av dei innkomne merknadene går klart i mot at tiltaket blir gjennomført.

Rådmannen har elles ikkje noko å legge til dei vurderingane vegvesenet har gjort i etterkant av høyringa.

#### **Oppsummering:**

Rådmannen viser til vurderingane som er gjort i planomtalen, og rår kommunestyret til å eigengodkjenne planen.